



Møteinnkalling

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Høyanger rådhus

Møtedato: 14.06.2019

Tid: 09:45 - 14:15

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 00 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Dagsorden

- 0945 Ordførar Petter Sortland ønskjer velkomen til Høyanger
- 1000 Klimatilpassingsteknologi - orientering om funn og tilrådingar for vidare arbeid
Torunn Hønsi, forskar Vestlandsforskning
- 1045 Oppmøte
Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjenning av protokoll frå møtet 24.4.2019
Handsaming av saker i Sogn regionråd
- 1145 Enkel servering
- 1215 Framhald handsaming av saker
- 1330 Pause
- 1340 Prehospital plan
Funksjonen som samhandlingssjef
Tom Guldhav, klinikkdirektør og Terje Ulvedal, informasjonssjef Helse Førde
- 1415 Vel heim!

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
13/19	18/3076-15 Klimatilpassingsteknologi som satsing i Sogn
14/19	18/3043-20 Sogn for alle - integrering og inkludering
15/19	19/2933-2 Felles profil og merkevare for Sogn
16/19	16/479-46 Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - evaluering
17/19	19/2919-1 Budsjettramme 2020 Sogn regionråd
18/19	19/447-5 Orienteringssaker Sogn regionråd

Sogndal, 7. juni 2019

Jan Geir Solheim
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/3076

Arkiv: U01

Saksnr.: Utval
13/19 Sogn regionråd

Møtedato
14.06.2019

Sak 13/19

Klimatilpassingsteknologi som satsing i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd tek rapporten "Klimatilpassingsteknologi - potensiale for næringsutvikling og nasjonal møtearena i Sogn" frå Vestlandsforskning til vitande. Rapporten gir eit godt kunnskapsgrunnlag om moglegheitene innan klimatilpassingsteknologi som eit nytt satsingsområde i Sogn.

Sogn regionråd ber næringsgruppa og rådmannsgruppa vurdere tilrådingane for vidare arbeid.

Vedlegg:

Klimatilpassingsteknologi – potensiale for næringsutvikling og nasjonal møtearena i Sogn, Vestlandsforskning

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Vestlandsforskning har utgreidd klimatilpassingsteknologi som ei mogleg ny satsing i Sogn. Utgreiinga fell inn under eit av satsingsområda i vår regionalplan; grøn næringsutvikling. Strategien er at vi skal bidra til samarbeid og kunnskapsbygging om moglegheiter innanfor det grønne skiftet. Sogn regionråd løyvde midlar til utgreiinga som starta i fjor haust. Så langt har det grønne skiftet gjerne blitt knytta til det å redusere utslipp av klimagasser. Dette prosjektet handler om den andre halvdelen av klimapolitikken; det å tilpasse samfunnet til forventede klimaendringar.

Målet med utgreiinga er å kartleggja synspunkt på evt forslag til nye teknologiske løysingar for å møte utfordringane klimaendringar stiller overfor samfunnet og vurdere potensialet for a) etablera Sogn som ein nasjonal møtearena for dette temaet, og b) nye næringsetableringar i Sogn på dette området.

Klimatilpassing er tiltak som vert gjort for å tilpasse samfunnet til opplevde eller forventede klimaendringar, for å unngå negative verknader av eit endra klima eller utnytte fordelar eit endra klima gjev. Klimatilpassingsteknologi er teknologi og kunnskap, produkt, løysingar som indirekte eller direkte kan redusere negative effekter av klimaendringar eller som utnyttar positive effektar av klimaendringar.

Vestlandsforskning har gjennomført intervju frå tilsette i kommunane, lokalt næringsliv, offentlege aktørar. På klimaomstillingskonferansen i april vart arbeidet presentert og det vart

innhenta innspel frå deltakarane. Referansegruppe har møttest ved start og før ferdigstilling for drøfting og innspel til rapporten.

Oppsummering av funna i rapporten:

- Fylket har nyleg fått gode oppdaterte planar for klimaomstilling og klimatilpassing
- Dei fleste kommunane i Sogn har inkludert konsekvensar av klimaendringar og klimatilpassing i KPS og KPA, klima og miljøplan og har laga seg mål for klimatilpassing
- Kommunane har meir å gå på når det gjeld å inkludere miljø, klima og berekraft inn i sine mål, strategiar og tilskotsordningar for næringsutvikling
- Planleggjarane i Sognekommunane ynskjer meir kompetanse, samarbeid og tematiske fagnettverk om klimatilpassing
- Landbruket i Sogn har allereie teke i bruk mykje ny teknologi for å klimatilpasse næringa di, og vil ha veksande utfordringar med klimaendringar på drifta si, men også nye moglegheiter. Lærdal Grønt, Njøs Næringsutvikling og Sogn Jord og Hagebrukskule som gode føregangsverksemdar i Sogn innan landbruk og innovasjon.
- Etablert næringsliv innan VAR, prosjektering, bygg og anlegg har aukande oppdrag for klimatilpassing, ROS analysar og planlegging/prosjektering
- Fleire nye, små og mellomstore teknologibedrifter i Sogn *kan* yte “klimatilpassingstenester” som t.d. Big data analyse (Frivind AS/Rocketfarm), robotteknologi/kybernetikk (Rocketfarm), rassikring/overvaking (Wyssen, Falkeblikk), droneteknologi (Falkeblikk), prosesskunnskap og teknologiutvikling (Rocketfarm, Sitep)
- Vi ser ein auka FOU innsats og satsing i Sogn innan teknologiutvikling og/eller klimatilpassing det siste året, m.a.:
 - SITEP - senter for innovasjon, teknologi og prosess i Årdal
 - Teknøløftet – 6 års prosjekt kybernetikk i næringslivet (HVL, Vestlandsforskning)
 - NORADAPT senter for berekraftig klimatilpassing i Sogndal (næringsutvikling, rettleiing, undervisning, forskning og formidling på klimatilpassing)
 - Vestlandsforskning (diverse prosjekt)
 - Njøs næringsutvikling (t.d. Fremtind, Klimafrukt)
 - Sogn Jord og Hagebrukskule (biokompost, biokol)
 - SIMAS (biokompost og biokol)
 - Osland Havbruk (Bunnsolid prosjektet)

Tilrådingane i rapporten til vidare arbeid er:

- Dei kommunane som har eldre planverk utan omtale av klimaendringar/klimatilpassing bør inkludere det nyaste kunnskapsgrunnlaget om konsekvensar av klimaendringar ved neste revidering/rullering
- Etablere tematiske fleirnivånettverk for kommuneplanleggjarar i Sogn, der også forskingskompetanse på klimatilpassing vert inkludert
- Kommunane i Sogn kan vurdere å samordne og stille fleire miljø og klimakrav i sine føringar og retningslinjer til planarbeid og byggesak, slik at byggentreprenørar og byggherrar møter same krav i alle kommunane
- Kommunane kan legge til rette for at næringslivet kan vekse innan klimatilpassingsteknologi gjennom å bidra til å auke kunnskap om klimarisiko for næringslivet lokalt
- Ta i bruk verktøy for problemløysing og samarbeid som *Klimathon* og *Klimapartnerar*
- Leggje til rette for og påverke klimaomstilling og god klimarisikohandtering i næringslivet gjennom oppdaterte næringsplanar, retningslinjer, strategiar, tiltak og kompetansehevande kurs, seminar, nettverk, FOU mm.
- Utvide kommunale stønadsordningar som SMIL, næringsfond til i større grad å gje støtte til klimatilpassingsteknologi, tiltak, utstyr

- Fortsette og vidareutvikle offentleg/privat samarbeid for næringsutvikling og sikre at støtteordningar for næringslivet i verkemiddelapparatet også omfattar satsing på klimatilpassingsteknologi
- Ta initiativ til etablering av nasjonal møtestad for klimatilpassingsteknologi i Sogn

Vurdering:

Det grønne skiftet blir gjerne knytta til å redusera utslipp av klimagasser. Dette prosjektet handler om å tilpasse samfunnet til forventa klimaendringar. Rapporten gir forslag til løysingar som gjer oss i stand til å tåle eit endra klima. Vestlandsforskning peiker på at sognregionen har potensiale for næringsutvikling og Sogn kan ta ein posisjon som nasjonal møtearena om klimatilpassingsteknologi. Medan det finst mange store fagmiljø andre stader i landet innan miljøteknologi, kan vi innan klimatilpassingsteknologi ta ein plass. Vestlandsforskning trekkjer fram fleire kvalitetar i vår region som gjer oss i stand til å ta ein leiande posisjon, mellom anna godt samarbeid mellom fleire aktørar, ein aktiv fylkeskommune, klimaomstillingskonferansen i Sogndal og forskingssenteret NORADAPT.

Med å vidareføra samspelet med næringsliv, forskingsmiljø og andre aktørar, og der problemhavarar og problemløysarar finn kvarandre på tvers av bransje og sektor, kan Sogn skapa nye arbeidsplassar og verdiskaping.

Vidare arbeid med utgangspunkt i tilrådingane i rapporten, pkt 6, kan drøftast i næringsgruppa, som også kan vurdere forslaga i rullering av handlingsplanen. Rådmannsgruppa bør vurdere tilrådingar som er retta mot planverk og nettverka.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 18/3043

Arkiv: 130 &73

Saksnr.: Utval
14/19 Sogn regionråd

Møtedato
14.06.2019

Sak 14/19

Sogn for alle - integrering og inkludering

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek å gjennomføra prosjektet «Sogn for alle» for perioden 2020-2023.

Målet med prosjektet er å sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrara.

Prosjektet vil bli finansiert av at Sogn regionråd set av kr 200 000 årleg i regionale utviklingsmidlar. Kommunane blir oppmoda om å løyve samla kr 200 000 årleg som kontingent.

Sogn regionråd søker eksterne midlar til delfinansiering av prosjektleiarstilling. Dersom det ikkje lukkast å få ekstern finansiering vil prosjektplanen bli teke opp i igjen i neste rådsmøte.

Ansvarleg kontaktperson i kommunane for dei enkelte arbeidspakkene bør bidra med stillingsressurs på minimum 10 %.

Kommunane må innan regionrådet sitt neste møte gje melding om at dei deltek i prosjektet og tek sin eigendel/kontingent.

Sogn regionråd løyver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar for iverksetjing av tiltak hausten 2019.

Vedlegg:

Prosjektplan – «Sogn for alle - Integrering og inkludering»

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Sogn regionråd har integrering og inkludering som eit arbeidsområde i regionalplanen for 2017-2020. Integrering og inkludering inngår i satsingsområde attraktiv buregion som har følgjande delmål: «Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med auka tilflytting og rekruttering til regionen».

Strategiane som er nedfelt i vedteken regionalplan om integrering og inkludering er at Sogn regionråd skal vera pådrivar for eit godt utdanningstilbod for personar med minoritets-/innvandringsbakgrunn som er tilpassa kommunane og næringslivet sine behov og medverka til at aktørane i inkluderingsarbeidet samarbeider i ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion.

Tiltaka i handlingsplanen for 2019 er å samarbeide for å styrka sysselsetjinga blant innvandrarak og flyktingar for betre inkludering i lokalsamfunnet, og arrangera arbeidsseminar for kommunane, næringsliv og frivillig sektor og vera pådrivar for regionalt samarbeid og utviklingsarbeid.

Mål og strategiar i regionplanen viser at rådet ser inkluderingsarbeidet som tiltak for å auka folketalet i regionen og at det bør skje i eit samarbeid mellom kommunane, lokalt næringsliv og frivillig sektor.

Sogn busett i gjennomsnitt fleire flyktingar pr innbyggjar enn i landet elles, samstundes som andelen busette innvandrarak er lågare enn i landet elles. Det er 42 prosent av innvandrarak som har høgare utdanning, noko som er over gjennomsnittet for innbyggjarne i Sognkommunane.

Innvandrarak som kjem til Sogn representerer ein viktig ressurs som regionen treng for å dekke behovet for arbeidskraft og vekst i næringslivet, og for oppretthalde og styrke folketaletsutviklinga.

Rådet sette av midlar i møtet i fjor haust til arbeidsseminaret. Representantar frå kommunane har vore med i arbeidsgruppa frå i fjor haust for å førebu seminaret. Distriktssenteret har vore med og bidrege med kunnskap, rådgjeving og prosessleiing. Seminaret hadde god og brei deltaking med representantar frå kommunane, fylkeskommunen, NAV, lokalt næringsliv og frivillig sektor. Seminaret viste døme på korleis jobbe heilskapleg med integrering og verktoy og metoder for sterkare arbeidslivstilknytting. Innspel og drøfting undervegs i arbeidet og på seminaret er lagt til grunn for å definere og velja ut arbeidsområde og vurdere samarbeidsform. Kommunane sitt arbeid er i stor grad retta mot flyktingar. I prosjektet Sogn for alle vil arbeidet bli retta også mot innvandrarak.

Gjennom arbeidet i arbeidsgruppa, innhenting av informasjon frå kommunane og kunnskap frå andre kommunar og regionar, har vi fått fram utfordringar, behov og moglegheiter i inkluderingsarbeidet.

Kunnskapsparken har utarbeidd prosjektplan som har vore drøfta i næringsgruppa. Under og etter seminaret har vi invitert deltakarak som ønskjer å vera med vidare til ei ressursgruppe. Ressursgruppa møttest i slutten av mai og har gitt innspel og diskutert prosjektplanen.

Målet med *Sogn for alle* er å sikre verdiskaping og vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarak. For å få til dette må innvandrarak i større grad delta aktivt i arbeids- og samfunnsliv.

Målgruppa for prosjektet er kommunane og korleis dei samhandlar med andre offentlege instansar, privat næringsliv, frivillige organisasjonar, tilflyttarak og innbyggjarar.

Vurdering:

Sogn regionråd har over tid arbeidd for å profilere regionen for tilflytting. Dette arbeidet skal vi halda fram med. Samstundes bør vi retta meir fokus på at innvandrarak som alt er i vår region blir buande.

1 av 10 innbyggjarar i Sogn er innvandrarak. Om vi skal lykkast med integrering der innvandrarakane får brukt sine ressursar, krever det innsats og samhandling frå mange aktørar innan det offentlege og private næringsliv, og frivillige lag og organisasjonar.

Som kartlegginga av status, utfordringar og aktivitetar frå i fjor haust viser er det knytta stor aktivitet og mange gode tiltak retta mot flyktingar. I dette fireårige prosjektet ønskjer vi også retta oss mot innvandrarak. Gjennom Sogn for alle-prosjektet ønskjer vi å jobba heilskapleg

og trekke enno meir med frivilligheiten og arbeidsgjevarane. Dette vil vera eit tidkrevjande arbeid som ein prosjektleiar kan koordinera og vera ein drivar for å få til.

God inkludering kan medverka til at vi klarer å behalde fleire av dei som kjem til vår region og at innvandrarakar får nytta sine ressursar i arbeids- og samfunnsliv. Administrasjonen tilrår at det vert tilsett ein prosjektleiar for å koordinera, følgja opp og vera drivkraft i eit fireårig prosjekt *Sogn for alle*. I tillegg ønskjer vi at ansvarleg kontaktperson i kommunane for dei enkelte arbeidspakkene bidreg i prosjektet med minimum 10% stilling. Prosjektleiar kan ha tilflyttartenesterolle i tett samarbeid med kommunane.

For å sikra forankring i kommunane og finansiering av prosjektet tek vi sikte på at prosjektleiar byrjar 1.1.2020. Det vil bli søkt om ekstern finansiering til delar av prosjektstillinga og aktivitetar i prosjektet.

Ressursgruppa kom med innspel om å byrja med nokre tiltak i løpet av hausten. Aktuelle tiltak under arbeidspakke arbeid kan vera å gje arbeidsgjevarar auka kunnskap, tilby leiingskurs og danne eit nettverk for erfaringsutveksling (jf pkt b), arbeidstrening og praksisplassar t.d. jobbloop (jf pkt d) og etablerarkurs og foredrag for auka entreprenørskap (jf pkt h).

Tiltak for arbeidspakke utdanning kan vera arbeidsretta kvalifisering t.d. fagbrev på jobb (jf pkt d), og for fritid og familie kan aktuelt tiltak vera fadderordning for nyankomne innvandrarakar (jf pkt b).

Administrasjonen deler vurderingane om å starte på nokre tiltak i løpet av hausten. Ressursgruppa er samansett av representantar frå kommunane, lokalt næringsliv, NAV, frivillig sektor og kan vera arena for drøfting om gjennomføring av tiltak fram til årsskiftet. Den formelle styringsgruppa blir etablert frå 2020. Administrasjonen tilrår at det vert sett av kr 100 000 til kjøp av ressursar til å iverksetja /starta opp nokre tiltak. Prioritering av tiltak i høve midlane blir etter drøftingar i ressursgruppa.

Sak om formell organisering av prosjektet blir lagt fram for rådet i novembermøte. Det vil bli søkt om ekstern finansiering av prosjektleiarstillinga og tiltak frå 2020. Dersom vi ikkje lukkast med ekstern finansiering bør saka opp att i neste møte i regionrådet 6. november. Rådmannsgruppa har møte i august og oktober og vil bli informert om arbeidet.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/2933

Arkiv: U01

Saksnr.: Utval
15/19 Sogn regionråd

Møtedato
14.06.2019

Sak 15/19

Felles profil og merkevare for Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek å setja i gang prosjektet om felles profil og merkevare for Sogn og oppmodar næringsnettverket og kommunane om å stille med ressursar i prosjektet.

Sogn regionråd løyver kr 100 000 av regionale utviklingsmidlar til prosjektet.

Vedlegg:

Prosjektplan – Felles profil og merkevare for Sogn

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regionrådet har over tid sett på moglegheita for å styrke den regionale profilen.

Hausten 2017 deltok ei lang rekke aktørar frå offentleg og privat sektor på studieturar til Sør-Tirol for å læra om den langsiktige regionale satsinga og felles profilering. Det er utvikla ei sterk regional merkevare og regionen har lukkast med å skape vekst og utvikling. Sogn har mykje til felles med Sør-Tirol, men skalaen er annleis.

I juni-møte fjor fekk rådet ei orientering om bedriftsnettverket som er igang, og nettverket sitt samarbeid om produkt og tenester. Rådet var positive til arbeidet om å utvikla felles merkevare. Dette prosjektet er eit forslag på konkretisering om ei regional satsing: Felles profil og merkevare.

Tiltaka som skal gjennomførast i forprosjektet er 1) forankring av prosjektet med å møte næringsorganisasjonar, politikarar mv., 2) definera merkevara Sogn ved å gjennomføre arbeidsøkter og 3) utarbeida profilen til Sogn.

Interessentgrupper er næringslivet, offentlege arbeidsgjevarar, kommunane, forskings- og utdanningsinstitusjonane og frivillig sektor.

Sogn regionråd vert prosjekteigar og styringsgruppe. For prosjektorganisering og finansieringsplan vert det elles vist til vedlegget.

Vurdering:

Det ligg i mandatet til næringsnettverket at dei kan initiere prosjekt. Det er positivt at næringsnettverket ønskjer å arbeida konkret med eit prosjekt slik det vert teke initiativ til.

Arbeidet er også i tråd med regionalplanen sitt delmål for attraktiv buregion: «Felles profilering og merkevarebygging for å skape bulyst og vera ein livskraftig region».

Det er lagt opp til stor del eigeninnsats i næringsnettverket og prosjektgruppa i arbeidet med å gje merkevara eit innhald. Visit Sognefjord blir med i arbeidet. For å sørge for framdrift i prosjektet, vil prosjektleiar bli leigd inn til å gjennomføra oppgåver som det framgår av planen. Det vil også bli søkt om ekstern finansiering.

Næringsnettverket har eit ønske om å byggje opp eit sterkare felles utviklingsmiljø. Drøftingane i nettverket signaliserer vilje og motivasjon for å ta del i dette arbeidet, noko som er eit godt grunnlag for eit samarbeid.

Administrasjonen tilrår å løyve regionale utviklingsmidlar med kr 50 000 for 2019 og for 2020.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 16/479

Arkiv: 130

Saksnr.: Utval
16/19 Sogn regionråd

Møtedato
14.06.2019

Sak 16/19

Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - evaluering

Tilråding:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Vedlegg:

Notat om evaluering av regionalplan for Sogn regionråd

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Regionalplanen med felles mål, strategiar og tiltak er eit verktøy i regionrådet sitt arbeid med å utvikla regionen. Planen blir laga kvart fjerde år. Regionalplanen har fokus på det regionale perspektivet og felles satsingar, og skisserer dei viktigaste satsingsområda som kommunane vil samarbeida om og løysa i lag i perioden. Gjeldande regionalplan er for 2017-2020

Vedlagde dokument inneheld ei oppsummering med ein faktadel om kva som gjennomført, ein gjennomgang og vurderingar av planprosessen og diskusjonsgrunnlag for kommunane om erfaringar med gjeldande plan og kva som kan gjerast betre til neste regionalplan.

Vurdering:

I dei to siste planprosessane er formannskapa involvert i planarbeidet og eksterne aktørar er inviterte med. Kommunane har ulike behov og utfordringar og skal samla seg om felles satsingsområde. Bakgrunnen for å involvera breitt er å få sterkare eigarskap og forankring i kommunane. Det vil styrka rådet si rolle som regional utviklingsaktør bør rådet vera gode på prosess, og slik kan dette gje betre gjennomføringsevne for tiltaka.

Administrasjonen si vurdering er at planprosessen har vore eigna til å få sterkare eigarskap frå kommunane si side. Rådet bør drøfta erfaringane frå planprosessen som vart gjennomført for gjeldande plan. Vurderingane vil vera grunnlag for korleis regionrådet vil gjennomføra planprosessen for neste plan 2021-2024.

Prosessene med ny regionalplan vil starte på nyåret 2020 og evalueringa bør derfor gjerast før planarbeidet startar opp. I forkant av arbeidet er det ønskeleg at kommunane drøftar problemstillingane: Kva var vi gode på? Kvifor? Og kva kan vi bli betre på? Korleis? Dette kan vera aktuelt til dømes i formannskap/kommunestyret, med tilbakemelding til rådet til eit seinare møte.

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/2919

Arkiv: 150

Saksnr.: Utval
17/19 Sogn regionråd

Møtedato
14.06.2019

Sak 17/19

Budsjettramme 2020 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettramme for 2020 slik det ligg føre.

Vedlegg:

Framlegg til budsjettramme for 2020

Saksutgreiing:

Totalt budsjett for Sogn regionråd er kr 8 709 000. Det er budsjettert med eksterne inntekter kr 2 033 000, kontingent kr 3 818 000 og fondsmidlar (hovudsakleg eksterne midlar) kr 1 175 000.

Kontigenten dekker regionale utviklingstiltak/prosjekt med kr 325 000 og drift med kr 3 493 000 (sekretariatet, rådet, rådmannsgruppa, IKT, GIS-koordinator, Sogn for alle, programleiar for barnehage og skule, fagnettverka og regionleiarfunksjon for barnehage og skule).

Kontigentaugen er knytta til deflator for stillingane og auke i kontingent til prosjektet Sogn for alle med kr 200 000.

Eksterne midlar er knytta til kompetanseutvikling i barnehagar og skule, psykolog og fylkeskommunale utviklingsmidlar.

I tillegg til kontigenten kjem kr 1 457 000 ekskl mva til drift av kommunenett og GIS-løysing. Grunna kommunereforma er det ikkje laga kostnadsfordeling for kommunane. Fordelingsnøkkel vil bli drøfta i samband med gjennomgang av dei interkommunale avtalane for fleire samarbeidsordningar, og fordelingsnøkkel for regionrådet vil inngå i desse drøftingane.

Av omsyn til budsjettprosessen i kommunane vert budsjettramma lagt fram for regionrådet i dette møtet. Budsjett for 2020 vil bli handsama i regionrådsmøtet 6. desember 2019.

Framlegg til budsjettramme for 2020 følgjer vedlagt.

Vedlegg

Framlegg til budsjett for 2020

			Budsjett 2019	Budsjett 2020	
7501	Sekretær SR	Konto			
		10100	Løn faste stillingar	883 000	909 000
		11002	Abonnement	2 000	2 000
		11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
		11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
		11401	Andre annonser	4 000	4 000
		11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
		11500	Kurs og konferanser	10 000	10 000
		11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	12 000	12 000
		12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	4 000	4 000
		12701	§27/28 - samarbeid sitt kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	272 000	280 000
	17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 137 000	-1 236 000	
	17501	Refusjon frå andre kommunar	-65 000	0	
0					
7502	Drift råd SR	11151	Servering	50 000	50 000
		11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	20 000	20 000
		11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	20 000	20 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-90 000	-90 000
0					
7503	Rådmann SR	11151	Servering	10 000	10 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-10 000	-10 000
0					
7510	Kommunenett	11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	1 060 000	1 060 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-1 036 000	-1 036 000
		17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-24 000	-24 000
0					
7511	IKT SR	11953	Kontigentar og medlemsskap	18 000	18 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-18 000	-18 000
0					
7512	GIS-koordinator	11151	Servering	5 000	5 000
		11300	Telefonutgifter	7 000	7 000
		11500	Kurs og konferanser	30 000	30 000
		12701	§27/28 - samarbeid sitt kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	5 000	5 000
		14500	Overføring til andre kommunar	847 000	872 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-820 000	-844 000
		17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-21 000	-22 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-53 000	-53 000
0					

7513	GIS-løysing	11301	Datakommunikasjon, linjeleige og drift	718 000	739 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-575 000	-592 000
		17750	Refusjon frå IKS der kommunen sjølv er deltakar	-143 000	-147 000
					0
7520	Psykisk helse	10300	Løn engasjement		50 000
		14700	Overføring til andre (private)	50 000	
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-50 000	-50 000
					0
7521	Psykolog folkehelse	10100	Løn faste stillingar		862 000
		10300	Løn ekstrahjelp/engasjement	847 000	0
		11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	50 000	50 000
		18106	Andre statstilskot	-410 000	
		18900	Overføring frå andre (private)	-442 000	-455 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-45 000	-457 000
7550	RUP SR	11500	Kurs og konferanser	10 000	
		12700	Konsulenthonorar, ikkje oppg.pl.	140 000	
		14900	Avsetjing til seinare fordeling	280 000	830 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-125 000	-325 000
		18300	Overføring frå fylkeskommunen	-195 000	-195 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-110 000	-310 000
					0
7551	Reiseliv SR	14700	Overføring til andre (private)	250 000	250 000
		18300	Overføring frå fylkeskommunen	-150 000	-150 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-100 000	-100 000
					0
7555	Rekruttering SR	14700	Overføring til andre (private)	150 000	100 000
		18300	Overføring frå fylkeskommunen	-80 000	-80 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-70 000	-20 000
					0
7557	Ungdom SR	11500	Kurs og konferanser	20 000	20 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-20 000	-20 000
					0
7558	Skule adm SR	10100	Løn faste stillingar	841 000	866 000
		11003	Faglitteratur og kartverk	2 000	2 000
		11300	Telefonutgifter	3 000	3 000
		11403	Representasjon (gåver og møteutgifter)	10 000	10 000
		11500	Kurs og konferanser	15 000	15 000
		11704	Reiseutgifter - tilsette (ikkje oppg.pl)	15 000	30 000
		12002	Data- og kommunikasjonsutstyr	5 000	5 000
		12701	§27/28 - samarbeid sitt kjøp av tenester frå Sogndal Kommune	102 000	105 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-993 000	-1 036 000
					0

	Skule				
7560	entreprenørskap	11500	Kurs og konferanser	140 000	140 000
		11703	Anna persontransport	100 000	100 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-25 000	-25 000
		18300	Overføring frå fylkeskommunen	-75 000	-75 000
		18500	Overføring frå kommunar	-25 000	-25 000
		18900	Overføring frå andre (private)	-40 000	-40 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-75 000	-75 000
					0
7561	Skule fagnettverk	18106	Andre statstilskot		-500 000
		11500	Kurs og konferanser	0	500 000
		14500	Overføring til andre kommunar	390 000	390 000
		17500	Refusjon frå andre kommunar	-300 000	-300 000
		19500	Bruk av bundne driftsfond	-90 000	-90 000
					0
7563	Barnehage	11500	Kurs og konferanser	305 000	305 000
		14700	Overføring til andre (private)	15 000	15 000
		18106	Andre statstilskot	-320 000	-320 000
					0

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 19/447

Arkiv: 062

Saksnr.: Utval
18/19 Sogn regionråd

Møtedato
14.06.2019

Sak 18/19

Orienteringssaker Sogn regionråd

Orienteringar og drøftingar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemne
3. Arbeidsgruppene
4. Rådmannsgruppa
5. Programstyret System for styrka læring
6. Administrasjonen
 - Bustadnettverket – statusrapport og tilråding for vidare arbeid i nettverket
 - Felles interesser Hardanger, Voss og Vaksdal
7. Klimatilpassingsteknologi – orientering om funn og tilrådingar for vidare arbeid
Torunn Hønsi, forskar Vestlandsforskning
8. Prehospital plan
Funksjonen som samhandlingssjef
Tom Guldhav, klinikkdirektør og Terje Ulvedal, informasjonssjef Helse Førde

Skriv og meldingar

1. Regionaliseringsprosessen i NAV, brev til NAV Vestland, 30.4.2019
2. Bårutetilbodet etter 2022 - innspel til Sogn og Fjordane fylkeskommune 27. mai 2019
3. Ny organisasjonsstruktur Statens vegvesen - til Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 28. mai 2019
4. Rapport frå entreprenørskapsmessa 2019

Oppdragsgjevar: **Sogn Regionråd**
Oppdragsnr.: **5170800** Dokumentnr.: **03**

Til: Karina Nerland
Frå: Arne Kringlen
Dato 2019-05-15

► Status i arbeidet med bustadutvikling i Sogn

Bustadstrategien for Sogn 2016 peikar ut 15 konkrete tiltak innan 5 strategiområde for å vidareutvikle bustadmarknaden. Oppsummering i 4 hovudpunkt:

1. Setje den enkelte kommune istand til å avdekke sitt konkrete bustadbehov og etablere rutiner, organisering og planarbeid for å dekke behovet.
2. Jobbe i nettverk mellom kommunane for å løyse dei utfordringane som er felles.
3. Legge til rette for val av verkemiddel i offentleg-privat samarbeid og legge til rette for avgjerd på kva som høver i Sogneregionen og for den enkelte kommune.
4. Etablere felles informasjon om bustad, arbeid og service i Sogn.

I etterkant av at strategien vart vedteken, vart det etablert eit nettverk av planleggarar frå Sognekommunane, for å arbeide med felles utfordringar i arbeidet med å gjennomføre strategien. Arne Kringlen frå Norconsult vart engasjert som prosjektleiar/koordinator for nettverket i ein treårsperiode. Det er så langt gjennomført 10 nettverksmøte, ein studietur og ei fagsamling for kommunane.

Bustadnettverket sitt arbeid, så langt:

2017

- **Mars** – mal for bustadpolitisk handlingsplan. Temaplan for møter og generelt om oppfølging av bustadstrategien.
- **Juni** – sak om oppstart av planarbeid. Deling av erfaringar. Plan for studietur.
- **September** – status for «BU i Sogn og Fjordane». Orientering og Leikanger sitt arbeid med å avdekke bustadbehov.
- **September** – studietur til Ullensvang og Voss, 28 påmelde.
- **Desember** – semje om å gå vidare med tematiske møte i bustadnettverket der vi går konkret og praktisk til verks i høve kva planutfordringar kommunane har.

2018

- **Februar** – orientering og synfaring i Gaupne. Bustadutvikling og kommuneplanarbeidet i Luster.
- **Juni** – orientering og drøfting av bruk av utbyggingsavtaler som verkemiddel i bustadarbeidet. Orientering om planarbeidet i Vik sentrum.
- **September** – deltaking på Distriktssenteret sitt temamøte om kunnskapsbehovet i kommunen sitt utviklingsarbeid.
- **Desember** – planlegging av bustadseminaret «framtidens bustader langs Sognefjorden» og orientering av arbeidet med Visit Sognefjord sitt arbeid med masterplan for reiseliv.

2019

- **Mars** - Bustadseminar 26. mars med «framtidens bustader langs Sognefjorden»
- Møte i juni, september og november er under planlegging

Status etter 2,5 år i prosjektet

I starten av perioden var fokuset å komme i gang med bustadpolitiske planar i dei ulike kommunane. I praksis er det likevel slik at ein er komen svært ulikt i dette planarbeidet og ikkje alle ville prioritere arbeidet i denne perioden. Kommunane meinte likevel at felles arena for å drøfte bustadutvikling er svært viktig. Det var difor semje i gruppa om å halde fram med møter i bustadnettverket og dele kunnskap sjølv om kommunane er på veldig ulikt stadie i planarbeidet.

Fokuset sidan har vore å jobbe tematisk i gruppemøta, der ein går gjennom planutfordringar og korleis løyse dei praksis.

Oppsummert har nettverket fungert bra i forhold til å auke kunnskapen om bustadutvikling og styrka det faglege nettverket, slik at ein brukar kvarandre meir i det daglege. Det har vore relevante fagtema på samlingane, godt tilpassa kommunane sitt behov. Studieturen til Ullensvang og Voss i 2017 vert særskilt trekt fram som nyttig fordi den var praktisk retta og at både politikarar og tilsette i kommunane deltok. Bustadseminaret i 2019 gav også mykje relevante innspel og inspirasjon til det daglege arbeidet.

Nettverksarbeidet framover kan styrkast ytterlegare ved å bruke endå meir konkrete eksempel og lære av kvarandre sitt arbeid kommunane i mellom. Innimellom må ein også kunne heve blikket å sjå dei overordna utfordringane. Det blir viktig å følgje opp dialogen med byggenæringa som ein fekk istand på bustadseminaret

Deltakarane i nettverket ynskjer at nettverkssamlingane held fram også etter prosjektperioden for å kompensere for små fagmiljø i den enkelte kommune. Dette kan gjennomførast som andre nettverk der det ansvaret for innkalling og opplegg går på omgang og ein møtes 3-4 g pr år.

mh

Arne Kringlen
Prosjektleder



NAV Vestland

Dato

30.04.2019

Regionaliseringsprosessen i NAV

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal. Sogn regionråd har i møtet 24.4.2019 vedteke følgjande fråsegn:

Region Sogn vart frå 1.1.2019 oppretta som ein av ni regionar i nye Vestland fylke. Etter opprettinga av dei nye regionane har det vore stor usikkerheit knytta særleg til økonomi. Vi har fått informasjon om at regjeringa har vedteke ein ny budsjettfordelingsmodell som gjer at dei tre regionane i tidlegare Sogn og Fjordane kjem dårleg ut og at region Sogn kjem spesielt dårleg ut. Det er tildelt i overkant av 6 millionar mindre til Sogn i år enn i 2018. Dei statlege stillingane som vart flytta ut til regionane då fylket vart lagt ned, i overkant av 5 stillingar, får ikkje med seg lønsmidlar frå 2020. Desse stillingane må finansierast av eksisterande budsjett i region Sogn, altså eit budsjett som alt er redusert pga den nye budsjettfordelingsmodellen. Det blir vidare opplyst at fordi det nye fylket har funne midlar frå dei andre regionane og omfordelt dei, er Sogn i år «kun» minus i overkant av 4 millionar.

Etter det vi får opplyst legg den nye budsjettfordelingsmodellen opp til å kanalisera pengane frå dei folkefattige områda med små problem til dei store folketette områda med større problem. Det er også ulik økonomi i dei ulike regionane, slik at nokre regionar har meir pengar enn andre.

Sogn regionråd er sterkt uroa for denne omfordelinga, som vil føre til svekka tenestetilbod frå NAV og færre tilsette og kontor i distrikta. Dette vil særleg ramme Sogn.

Tidlegare NAV Sogn og Fjordane kunne vise til dei beste resultatane i landet på overgang til arbeid for arbeidssøkjjarar, overgang til arbeid for personar med nedsett arbeidsevne, kontakt og samarbeid med næringslivet og tett oppfølging av sjukmelde. NAV-kontora i Sogn og Fjordane kunne vise til høge resultat i landstoppen innan den balanserte målstyringa som NAV bruker.

Sogn regionråd er opptekne av omlegginga i NAV ikkje medfører tap av kompetanse og dårlegare tenester for brukarane i regionen vår. Sogn regionråd meiner konsekvensane av den nye ressursfordelinga er store for vår region, og er sterkt uroa for at dette gir dårlegare tenester for våre brukarar.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Sogn og Fjordane fylkeskommune

Båtrutetilbodet etter 2022 - innspel frå Sogn regionråd

Sogn regionråd har følgjande innspel til båtrutetilbodet etter 2022:

Sogn regionråd støttar fylkestinget sitt vedtak om auka rammer for universell utforming og klima- og miljøkrav.

Sognebåten er ei særskild viktig transport- og opplevingsrute for lokalbefolkninga, arbeidsreisande og for reiselivet.

Standard, kvalitet og forutsigbarheit er viktig for å sikre eit godt tilbod for innbyggjarane, arbeidsreisande og turistar. Dårligare materiell og standard vil gradvis byggje ned tilbodet. Rutetilbodet må ta høgde for passasjerutviklinga og endra behov. Det er kapasitetsproblem på enkeltdagar, særleg fredagar, og vi ber om at det vert teke høgde for endra behov i anbudsgrunnlaget.

Regionen har mange offentlege etatar med hovudsete i Bergen. Regionreforma og strukturendringar i regionale statsetatar gjer at det er enno større behov for eit godt båtrutetilbod. Ekspressbåten gjer det mogleg å utnytte reisa til effektiv arbeidstid, medan bil, fly eller buss ikkje gir dei same mogleighetene. Strukturendringane vil gje fleire passasjerar som bruker båten til arbeidsreiser.

Prognosene viser 5-15 prosent vekst i reiselivet i Sognregionen i åra framover. Den framtidige veksten bør kome i skulder- og vintersesong. «Sognefjorden in a Nutshell» blir løfta opp som heilårsrute frå Fjordtours. Det kjem fleire heilårsaktivitetar i Balestrand og Sogndal, og effekten med auka passasjertal er forventa å kome om 2-5 år. Med forventa vekst i reiselivet kan det kome fleire dagar med kapasitetsutfordringar utover fredagar som alt er nemnt.

Sogn regionråd meiner anbodet for sommarruta Sogndal-Bergen i første omgang bør utvidast frå 6 til 7 månader og på sikt til å bli eit heilårstilbod.

Sogn regionråd har tidlegare peika på at Flåmsekspressen har låge passasjertal og svært tidleg avgang frå Flåm (kl 6). Ruta har kapasitet på 45 passasjerar. Ruta bind saman Flåm og nordsida av Sognefjorden, men grunna få passasjerar bør det vurderast om ruta skal få endra rutetider eller flytta midlane til Sognebåten for slik å styrke tilbodet i det indre Sognefjordbassenget. Dette bør vurderast i dialog med Sogn regionråd og Visit Sognefjord.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Samferdselsdepartementet
Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Ny organisasjonsstruktur Statens vegvesen

Sogn regionråd er einige med Statens vegvesen i at det er naturleg å legge utbyggingsdivisjonen til Vestland. Region Vest har i dag størst utbygging, Vestlandet har gode kommunikasjonar og det er eit etablert kompetansemiljø som divisjonen kan spele saman med. Det er positivt at ei eining på nivå 2 i divisjonen Transport og samfunn vert tilrådd lagt til Leikanger. Sogn regionråd meiner at også leiinga for Divisjon utbygging må lokaliserast til Leikanger. Det vil sikra høg kvalitet i tenestene og effektiv drift.

Dei største utbyggingsprosjekta i vegvesenet vert i dag leia frå Leikanger. Regionleiinga i dagens region har allereie kontor på Leikanger, og det er kompetanse, leiarar og naudsynte strukturar på plass allereie i dag. Fylkesmannen i Vestland har hovudkontor på Leikanger. Vestland fylkeskommune har lagt sin fylkesvegadministrasjon til Leikanger. Det vil vere store og viktige synergjar for Statens vegvesen å samspele med eit sterkt og stabilt kompetansemiljø.

Ei lokalisering av utbyggingsdivisjonen til regionvegkontoret i Leikanger vil etter Sogn regionråd sitt syn medverke til å følgje opp ei rekkje av føringane i Stortingsmelding 18 (2016-2017)

Berekraftige byar og sterke distrikt:

- Å styrkje dei langsiktige føresetnadene for konkurranseevne og regional vekstkraft i Sogn spesielt og i det tidlegare Sogn og Fjordane generelt
- Styrkje samarbeid og samordning mellom statleg og regionalt nivå innan nasjonal og fylkeskommunal vegadministrasjon
- Sikre ei balansert lokalisering av statlege arbeidsplasser og nytte fagkompetansen som finst på ulike stader i landet
- Bidra til å handtere ei meir akutt omstillingsutfordring i Sognregionen som følgje av regionreforma

Ei lokalisering til Leikanger er heller ikkje i vegen for å oppfylle føringane i retningslinjene for lokalisering av statlege arbeidsplassar og statleg tenesteproduksjon, fastsett ved kgl.res i 2014.

Dette vil medverke til:

- Ei fordeling av statlege arbeidsplassar som bidreg til å utvikle robuste arbeidsmarknader i alle delar av landet
- Som ei stadvhengig teneste kan lokalisering til Leikanger dekkje både kompetansekrav til dei som skal utføre arbeidsoppgåvene, krav til infrastruktur og nærleik til både andre typar fagmiljø og offentlege styresmakter
- Ei lokalisering i Sogn vil også ha stort potensiale til å bidra til det lokale tilbodet av arbeidsplasser, både med omsyn til omfang og breidde. Nye Sogndal kommune, som Leikanger vert del av, er eit viktig regionalt senter i nye Vestland fylkeskommune.

Sogn regionråd ber difor Samferdselsdepartementet om å gjere ei ny og sjølvstendig vurdering av Leikanger som lokaliseringsstad for divisjon utbygging i den nye organisasjonsstrukturen for Statens vegvesen.

Sogn regionråd ser positivt på tilrådinga til løyvekontor i Lærdal og minner om framtidig lokalisering av transportløyveseksjonen. Sogn regionråd er usamde i vurderingane til trafikale forhold på Kaupanger og forventar at trafikkstasjonstilbodet vert oppretthalde i Sogn.

Sogn regionråd ber om eit møte med departementa om saka.

Med helsing

Jan Geir Solheim
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Til: Programstyret, orienteringssak til møtet 13.05.2019

Frå: Hanne Ørnehaug, programleiar System for styrka læring

Dato: 30.04.2019

Sak: Evalueringsrapport for entreprenørskapsmessi i Aurland 24.april 2019

Bakgrunn

Sogn regionråd og stiftinga Ungt Entreprenørskap arrangerer kvar vår ei omfattande entreprenørskapsmesse for ungdomsskulane i regionen. Sogn regionråd er fagleg og økonomisk ansvarleg for messa. Første messe var i Balestrand i 2009, medan Aurland var vertskommune 24. april i år for den 11. messa i rekka.

Hovudkonklusjon

Tilbakemeldingar på årets messe er særst gode, ein kan konkludere med ei vellukka og solid gjennomføring.

Andre faktorar som peikar seg ut er:

1. Sterkt lokalt eigarskap til messa. Aurland kommune med sine representantar i arbeidsgruppa bidrog sterkt både i forkant og under sjølve messa. I arbeidsgruppa satt: Hanne Ørnehaug (Programleiar Sogn regionråd), Holger Aasen (UEiSF), rektor Ingrid S. Bortne, Varaordførar Leiv Jarl Bergheim, Næringssjef Inge Håvard Aarskog, Ordførar Noralv Distad. Det vart gjort ei solid forankring i arbeidsgruppa og vertskommunen var godt budde på å arrangere messa.
2. Messa i Aurland hadde ein fin raud tråd i progresjon og logistikk. Vi starta med første møte allereie i august hausten før, sidan nytt møte i september, desember, januar og februar. Her nytta vi det «levande» årshjulet, redigert etter erfaring og evaluering frå føregåande messer. Eit godt verktøy for å sikre at alle arbeidsoppgåver, tankar og avtalar vert sikra. Aurland sine verksemdar stilte positivt opp og tok i mot besøk av elevar frå 8.klasse. Det vart i ettertid sagt frå bedrifter at det var viktig for dei å ta del i slike dagar, dette var ein god måte å presentere seg og sikre rekruttering til seinare år. Vi hadde fire bussar til disposisjon, samt Flåmstoget som frakta elevar til og frå bedrifter som låg litt unna. Dette sikra god flyt slik at dagsplan og tider ikkje vart for skjøve. Aurland stilte med ungdom i alle dei viktige posisjonane; konferansierar, musikk og underhaldning og som føredragshaldarar til plenumsføredraget. At vèret viste seg frå si beste side denne dagen gjorde til at forflyttningsprosessen mellom bedrifter, plenumsføredrag og messe gjekk som ein leik.
3. Aurland kommune med spesielt rektor og næringssjef i spissen skal ha stor takk for stort engasjement, fleksibilitet og pågangsmot. Dei har vore limen for at dette gjekk så bra!
4. Det var som føregåande år seks premiekategoriar. Juryen med Jørn Helgheim i spissen var god på at vi fekk ei geografisk spreing i vinnarbedriftene. 1.premie var diplom i ramme med vinnartittel og namnet på bedrifta som vann, bakgrunn for diplom var flott bilete av Aurland, samt at dei fekk pizzafest til heile klassen. Ungt entreprenørskap SFJ gjekk i år inn med premiering av 2.plass til kvar kategori, der dei kosta gåvesjekk kr 500 for denne plasseringa. Dette er noko vi bør halde fram med. Vidare bør vi vurdere om vi skal gå vekk frå pizzafest for heile klassen og heller premiere 1000,- for 1.pl og 500,- for 2.plass. Økonomisk vil dette verte mindre utgift i regionen også. Ved å ha både 1. og 2.plass sikrar vi at fleire bedrifter får premiering ut i heile regionen.



5. Tilbakemeldingane på entreprenørskapsarrangementet er at dette er udelt positivt for elevane og vel verdt bruk av tid, mykje læring, gir rom for kreativitet, nytenking og gir eit «boost» til elevane som skal ta til med faget til neste år.

6. At Sogn regionråd dekkjer skulane sine kostnader til buss er eit naudsynt og viktig moment for å kunne arrangere messa og få deltakarar med.

7. Ein bør få inn i årshjulet for arrangementet at ein ila jan/feb tek kontakt med Vegvesenet for å sikre fri flyt av bussar til og frå messa utan unødige stopp, som set hinder for arrangementet og deltaking.

8. Det opplevast særskilt positivt at rektorar, oppvekstleiarar og ordførarar deltek på messa. Både elevane og lærarane set ekstra stor pris på å få besøk av oppvekstleiarane og ordførarane i regionen. Det er stas å bli sett, og morosamt å få attendemeldingar og vere i dialog med dei!

9. Omdømmebygging av skulane og Sogn. Entreprenørskapsmessa er god omdømmebygging for vertskommunen, for Sogn regionråd og Ungt entreprenørskap. Sogn avisa var tilstade under messa og dekkja denne med fin artikkel i laurdagsutgåva. Ytre Sogn Avis hadde god artikkel i etterkant av messa. Diverre hadde ikkje NRK SFJ moglegheit til å dekke dette i år. Det er ingen tvil om at det er vinn-vinn for media når dei skriv om det som opptek elevane og det dei er med på, dette rekrutterer unge lesarar. Porten.no var også invitert til å skrive om messa. Viktig å ha kontakt med dei aktørane som kan profilere dette gjennom media. Rektor i Aurland skreiv ein god artikkel på heimesida til skulen i ettertid av messa og la til fleire bileter frå arrangementet, Sogn regionråd har også skrive ein eigen artikkel på si heimeside i for og etterkant av messa.

Usemeje og forbedringspotensiale:

1. Det er eit vesentleg poeng å komme tidsnok til messa og at dei er tilstade på messa til den er ferdig. I år hadde vi vore tydelege på dette i dei skriva som gjekk ut til skulane i forkant arrangementet, allereie i informasjonsskriv 1 vart dette poengtert. I år hadde vi tatt høgde for tunellstengingar og ferjer, likevel var det uanmeldt arbeid i to tunellar på veg inn (byte av lys og brannslukkningsapparat...). Vi må for seinare år kontakte vegvesenet for å høyre om dei har arbeid på gang akkurat denne dag og i gitt tidsrom. Logistikk på ferje gjekk smertefritt.

2. Informasjon har ofte vore ein gjengangar med minusteikn. I år tok vi tak tideleg, samla kontaklinformasjon til lærarar i 8. og 9.klasse i regionen, sat rektorar, inspektørar etc. i kopifelt. Dette sikrar at alle får same melding til same tid. Første brev vart sendt ut allereie i sep., andre brev i januar og siste i februar/mars saman med brosjyre. Ingen kritikk på informasjon!

3. Plassering av elevbedriftene i hallen. Elevbedriftene vart sett opp i ein stor halvsirkel med skråvent messevegg slik at alle elevbedriftene fekk stå med front inn i sentrum av hallen. Dette vart udelt positivt motteke da ingen fekk følelsen av å sitje i bakevja.

4. I år hadde ein lagt opp til regionsmøte for barnehage- og skuleeigarar på sjølve messedagen, da dette ikkje har vore gunstig for alle deltakarane i gruppa. Det førte til at få oppvekstleiarar var tilstade under årets messe.



Prosess

Etter fleire års røynsle har vi no ein god tradisjon med "dreieboka" for messa, og god klargjering av ansvar og oppgåver mellom Ungt Entreprenørskap, Sogn regionråd og vertskommune.

Prosessten til arbeidsgruppa for inneverande års messe har vore slik:

- 23. aug 2018 Oppstartsmøte
- 25. sep 2018 Første arbeidsmøte
- 03.des. 2018 Andre arbeidsmøte med ordførar, vaktmeister i hall, synfaring
- 03.jan 2019 Tredje arbeidsmøte
- 05.feb 2019 Fjerde arbeidsmøte, her møtte bedrifter og teknisk etat også
- 23.apr 2019 Femte arbeidsmøte, dagen før messa. Sikre at alle arbeidsoppgåver er stetta, rigge
- 24.apr 2019 Gjennomføring av messa

Vi har god grunn til å seie oss nøgde med messa i Aurland. Det er eit arbeidskrevjande og stort arrangement, og samstundes eit springbrett for skuleutviklinga i Sogn. Vi vert kvart år betre, og er slik sett godt førebudd til neste messe som skal arrangerast i regionen. Neste år står Luster for tur og det vil vere klokt å sette ein dato så snart så råd slika t dette kjem inn i årshjulet til skulane og sette eit første møte med kommunen alt i august.